HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval:	Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad:	Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato:	14.02.2019
Tid:	15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møte i kommunale organ skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 08.02.19

Stig Arne Helsem Sævik
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 9/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 10/19	Protokoll frå førre møte
PS 11/19	Moltustranda Idrettslag - Søknad om kommunal lånegaranti, stor kr. 2 500 000 for bygging av Frifotanlegg på Munkvoll stadion
PS 12/19	Tertialrapport. 3. tertial 2018.

PS 9/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 10/19 Protokoll frå førre møte

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2019/157
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	12.02.2019
11/19	Komite for næring, kultur og idrett	14.02.2019
	Kommunestyret	21.02.2019

MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR KR. 2 500 000 FOR BYGGING AV FRIFOTANLEGG PÅ MUNKVOLL STADION

Tilråding:

1. Herøy komunestyre yter simpel kausjon for eit lån på totalt 2,5 mill kr som Moltustranda idrettslag tek opp i Sparebanken Møre. Lånet skal nyttast til investering i forbindelse med bygging av Frifotanlegg på Munkvoll stadion.

2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 2,5 mill kr.

3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år.

4. For at simpel kausjon/garantistillinga skal verte gjort gjeldande må den godkjennast av staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Særutskrift:
Moltustranda Idrettslag
Sparebanken Møre
Økonomiavdelinga, her
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
Vest kontrollutvalsdistrikt,
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:
1 Protokoll_2_2018
2 Regnskap 2017 Moltustranda IL
3 Revidert kostnadsoversikt og finansieringsplan Frifot 25.01.2019
Finansieringsbevis (ettersendes)

Samandrag av saka:
Moltustranda idrettslag (MIL) planlegg etablering av eit Frifotanlegg på Munkvoll stadion for å legge betre til rette for fysisk aktivitet for alle innbyggjarar, med særleg fokus på born og unge. Ein føresetnad for denne etableringa er at Herøy kommune garanterer for eit låneopptak på inntil 2,5 mill.

Saksopplysningar:
I K-sak 137-18 vedtok Herøy kommunestyret gjorde i K-sak 137-18 å forskotere inntil kr. 3 mill. i spelemidlar til MIL sitt Frifotanlegg. Fylket si handsaminga av spelemiddelsøknadane er venta å skje i 12.juni.

Kulturdepartementet gav den 9.januar idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av MIL sine planar for frifotanlegg på Munkvoll stadion.

No søkjer MIL i tillegg om kommunal lånegaranti på kr. 2,5 mill kr, grunna at laget sjølv ikkje kan stille nødvendig garanti.
Førespurnaden er forankra i ekstraordinært årsmøtevedtak, sak 7.1 Oppgradering av grusbane til FriFot med fylgjande vedtak: *«Årsmøtet godkjente at styret i Moltustranda Idrettslag har fullmakt til å gjennomføre FriFot-prosjektet med ei øvre låneramme på 2,5 mill.»*

Laget har eit ikkje-økonomisk føremål og legg til rette for ulike aktivitetar for alle innbyggjarane, med særleg fokus på barn og unge.

Årsrekneskapen for 2017 viser sunn drift med eit driftsoverskot på kr. 21 234, samt ei oversikt over gjeld som fylgjer:
- Kr. 223 258, avskriving bygningar. Vert nedskrive med 4% pa.
- Kr. 5 100, kortsiktig gjeld

Anlegget består av:
- Kunstgrasbane 40 x 60
- 4 løpebaner rundt
- 6 rette løpebaner lagt til rette for hekkløp
- Bane for kulekast
- Bane for lengdehopp

Totalkostnadane er stipulert til kr. 8.858.274 med fylgjande finansieringsplan pr. no:

Finansiering	Kr.
RDA	650 000
Sparebanken Møre	200 000
Spelemidlar	2 300 000
Eigenkapital	130 000
Andelssl, gåver og sponsorar	700 000
Lån	2 466 168
MVA-komp	1 610 790
Dugnad	801 316
Totalt	**8 858 274**

Kommunal lånegaranti:
Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

- "Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".
-

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier". Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001. I § 2 i forskrifta står det:

- «Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa krava i regelverket for tildeling av spelemidlar.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.
Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti
Herøy kommune har per i dag garantert for 8 aktørar. Opphavleg garantiansvar er 142,2 mill kr + 10%. Per 31.12.2018 utgjer garantiansvaret om lag 112,4 mill kr + 10%. Lånegarantien for barnehagar utgjer per dato om lag 6,45 mill kr, vassverk om lag 67,07 kr og aksjeselskap der kommunen er hovudaksjonær om lag 43,9 mill kr.

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 2,5 mill kr.

Fylkesmannen si vurdering er at så lenge garantimottakaren har eit ikkje økonomisk føremål og legg til rette for aktivitetar for innbyggjarane, både for breidde og til barn og unge, kan som regel kommunen stille garanti.
Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 2,5 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 119,9 mill kr.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:
Frifotanlegget vil verte eit positivt tiltak for folkehelsa for alle innbyggjarar, med særleg fokus på barn og unge som deltek i klubbens aktivitetar, på fritida og ved aktivitetar i regi av skulen.

Konsekvensar for beredskap:
Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:
Ingen kjende.

Konsekvensar for økonomi:
Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største.

Fosnavåg, 06.02.2019

Olaus-Jon Kopperstad	Eileen Gjerde
Rådmann	Kulturleiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

Protokoll fra ekstraordinært årsmøte i Moltustranda Idrettslag

Årsmøtet ble avholdt på Munkvollbrakka 4.9.2018

Sak 1 Godkjenning av de stemmeberettigede
Styret redegjorde for det antall personer som var til stede ved oppstart av årsmøtet som styret anså for stemmeberettigete.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu
Vedtak: Årsmøtet godkjente følgende antall stemmeberettigede medlemmer:
22

Sak 2 Godkjenning av innkalling
Styret fremla forslag om at innkallingen ble godkjent.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu
Vedtak: Årsmøtet godkjente innkallingen.
For: 22 - Mot: 0

Sak 3 Godkjenning av saksliste
Styret fremla forslag til sakliste for godkjenning av årsmøtet.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu
Vedtak: Årsmøtet godkjente følgende sakliste:
For: 22 - Mot: 0

Sak 4 Valg av dirigent
Styret foreslo Stig Marvin Moltu som dirigent[er].
Følgende hadde ordet i saken: Stian Tarberg
Vedtak: Årsmøtet valgte Stig Marvin Moltu som dirigent.
For: 22 - Mot: 0

Sak 5 Valg av referent
Styret foreslo Stian Tarberg som referent.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu
Vedtak: Årsmøtet valgte Stian Tarberg som referent[er].
For: 22 - Mot: 0

Sak 6 Valg av to medlemmer til å underskrive protokollen
Styret foreslo Lars-Petter Rønnestad og Ingar Warholm til å underskrive protokollen.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu.
Vedtak: Årsmøtet valgte Lars-Petter Rønnestad og Ingar Warholm til å underskrive protokollen.
For: 22 - Mot: 0

Sak 7 Behandling av forslag og saker
Sak 7.1 Oppgradering av grusbane til FriFot
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu.
Vedtak: Årsmøtet godkjente at styret i Moltustranda Idrettslag har fullmakt til å gjennomføre FriFot-prosjektet, med ei øvre låneramme på 2,5 million.
For: 22 - Mot: 0

Sak 8 Valg

8.1 Valg av kasserer:

Valgkomiteen foreslo Stian Lillestøl som kasserer.
Følgende hadde ordet i saken: Stig Marvin Moltu.
Vedtak: Årsmøtet valgte Stian Lillestøl som kasserer.
For: 22 - Mot: 0.

Moltustranda 4.9.2018

Lars-Petter Rønnestad

Ingar Warholm

Resultatrapport

MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG
993641359

Regnskapsår: 01.01.2017 - 31.12.2017

Gjelder periode: 01.01.2017 - 31.12.2017

	Periode	Akkumulert
Driftsinntekter		
3100 Salgsinntekter, avgiftsfri	6 565,00	6 565,00
3121 Barteravtaler, avgiftsfri	34 600,00	34 600,00
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	162 500,00	162 500,00
3205 Kiosksalg etc	110 735,02	110 735,02
3400 Spesielle offentlige tilskudd	173 688,85	173 688,85
3900 Andre driftsrelaterte inntekter	-328,00	-328,00
3920 Medlemskontingenter	2 000,00	2 000,00
3930 Treningsavgifter	-2 400,00	-2 400,00
	487 360,87	487 360,87
Driftskostnader		
4300 Innkjøp varer for videresalg	-27 069,32	-27 069,32
6000 Avskrivninger bygninger og annen fast eiendom	-8 000,00	-8 000,00
6010 Avskrivninger transp.midler, maskiner og inventar	-5 632,00	-5 632,00
6300 Leie lokaler	-19 000,00	-19 000,00
6360 Renhold	-8 000,00	-8 000,00
6390 Annen kostnad lokaler	-122 688,04	-122 688,04
6440 Leie transportmidler	-23 441,00	-23 441,00
6550 Driftsmaterialer	-26 334,30	-26 334,30
6575 Kostnader Mosjonsfestivalen	-102 951,14	-102 951,14
6590 Annet driftsmateriel	-7 200,00	-7 200,00
6730 Idrettsfaglig bistand	-21 733,60	-21 733,60
6800 Kontorrekvisita (Res)	-2 792,25	-2 792,25
6890 Annen kontorkostnad	-5 012,00	-5 012,00
7040 Forsikring og avgifter	385,00	385,00
7100 Bilgodtgjørelse oppgavepl.	-14 741,30	-14 741,30
7162 Bevertning	-3 391,50	-3 391,50
7320 Reklamekostnader	-1 921,00	-1 921,00
7415 Påmelding serier, turneringer etc	-35 272,00	-35 272,00
7430 Gaver, ikke fradrag	-5 860,00	-5 860,00
7500 Forsikringspremier	-23 356,00	-23 356,00
7770 Bank og kortgebyrer	-421,00	-421,00
7798 Annen kostnad, fradragsberettiget	-1 633,72	-1 633,72
	-466 065,17	-466 065,17
Driftsresultat	**21 295,70**	**21 295,70**
Finansielle poster		
8040 Renteinntekter, skattefrie	31,00	31,00
8140 Rentekostnader ikke fradragsberettiget	-2,00	-2,00
	29,00	29,00
Ordinært resultat før skatt	**21 324,70**	**21 324,70**
Ordinært resultat	**21 324,70**	**21 324,70**
Årsresultat	**21 324,70**	**21 324,70**

Balanserapport

MOLTUSTRANDA IDRETTSLAG
993641359

Regnskapsår 01.01.2017 - 31.12.2017

Gjelder periode: 01.01.2017 - 31.12.2017

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Anleggsmidler			
1100 Bygninger	200 000,00	-8 000,00	192 000,00
1210 Maskiner og anlegg under utførelse	32 528,00	-5 632,00	26 896,00
1399 Andre fordringer	32 400,00	-32 400,00	0,00
	264 928,00	-46 032,00	218 896,00
Omløpsmidler			
1460 Innkjøpte varer for videresalg	0,00	25 191,00	25 191,00
1509 Ikke reskontroførte kundefordringer	6 000,00	-6 000,00	0,00
1900 Kontanter	1 931,00	0,00	1 931,00
1920 Bank-3998.04.23429-Hovedkonto	97 057,48	38 342,39	135 399,87
1930 Bank-3998.04.23453-Trim og aktivitet	28 122,02	-23 895,03	4 226,99
1931 Bank-3998.04.23461-Fritidsklubb	20 120,60	20,00	20 140,60
1932 Bank-3998.04.23399-Mosjonsfestival	8 748,82	-4 701,66	4 047,16
1933 Sparekonto 3998.04.23437	1 826,90	0,00	1 826,90
	163 806,82	28 956,70	192 763,52
SUM EIENDELER	**428 734,82**	**-17 075,30**	**411 659,52**
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-167 076,68	0,00	-167 076,68
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	0,00	-21 324,70	-21 324,70
Sum egenkapital (inkl, udisp. resultat)	-167 076,68	-21 324,70	-188 401,38
Gjeld			
Avsettning forpliktelser			
2180 Andre avsetninger for forpliktelser	-266 758,14	43 500,00	-223 258,14
Kortsiktig gjeld			
2600 Forskuddstrekk	5 100,00	-5 100,00	0,00
Sum gjeld	-261 658,14	38 400,00	-223 258,14
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	**-428 734,82**	**17 075,30**	**-411 659,52**
Saldo	**0,00**	**0,00**	**0,00**

Kostnad	Pris eks Mva	25 % mva	Dugnadsverdi	Pris inkl mva	Kommentar
Grunnarbeid	3 859 300	964 825	239 000	5 063 125	Overslag
Leverandør (dekke)	1 540 100	385 025		1 925 125	PST
Lysanlegg	720 000	180 000	90 000	990 000	Elek
Gerde/ballfang.nett	223 760	55 940	100 000	379 700	Entr/leverandør
Konsulenttjenester	100 000	25 000	372 316	497 316	PB
Sum	**6 443 160**	**1 610 790**	**801 316**	**8 855 266**	

Finansieringsplan					Kommentar
RDA	650 000				Øremerket KG
Sparebanken Møre	200 000				Gjennom sponsravtale
Spillemidler frifot	2 300 000				Forskot. Kommunen 85%
Egenkapital	130 000				Egenkapital
Andel,gaver og sponsor	700 000				Prosjektmidler/andel
Lån	2 466 168				Forskot. Kommunen 85%
Moms Komp	1 610 790				
Dugnad	801 316				Beregnet av Multiconsult
Sum	**8 858 274**				

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2018/810
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
8/19	Komite for helse og omsorg	13.02.2019
12/19	Komite for næring, kultur og idrett	14.02.2019
	Komite for oppvekst	13.03.2019
19/19	Maritim og teknisk komite	11.02.2019
30/19	Formannskapet	12.02.2019
	Kommunestyret	21.03.2019

TERTIALRAPPORT. 3. TERTIAL 2018.

Tertialrapporten for 3. tertial 2018 vert godkjend.

Særutskrift:

- Kommunalsjef helse og omsorg
- Kommunalsjef oppvekst
- Kommunalsjef samfunnsutvikling
- Kommunalsjef stab

Vedlegg:

- Tertialrapport for sektor stab
- Tertialrapport for sektor oppvekst
- Tertialrapport for sektor helse og omsorg
- Tertialrapport for sektor samfunnsutvikling

Saksopplysningar:

Saka gjeld tertialrapport for 3. tertial.2018 og rapporteringa tek utgangspunkt i årsplanen for 2018..

Bakgrunn
I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Sjukefråvær
Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:
"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.
IA- avtalen er resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

Vedtaksrapportering
Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

Tenesterapportering
Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggarane.

Prosjektrapportering
Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Vurdering og konklusjon:
Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 24.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

TERTIALRAPPORT 3. TERTIAL 2018 – STAB

Sist oppdatert 18.01.19

1. Viktige hendingar

Tidspunkt	Hending
11.09.	Leiarsamling – gjennomgang av Kommunekompasset 2018
17. og 18.09.	Økonomi- og personalkonferanse
Veke 39	Lønsforhandlingar
Veke 42 og 44	Rekruttering avdelingsleiar Dokumentsenter og rådgjevar SSK
19.10.	Stabsleiarsamling
09.11.	Kurs i sjukefråværsoppfølging
20.11.	IA-møte
21.11.	Møte med KLP
27. og 28.11.	KS Arbeidsrettsseminar
5.12	Planlegging av Medarbeidarfest 2019 og møte med Maria Holand Tøsse
18.12	Møte i Sjustjerna HR

2. Vedtaksrapport

Ingen vedtak å rapportere.

3. Fokusområde Økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av sum driftsinntekter innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47	39.642.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
Alle sektorar	God budsjettdisiplin på drift.	Tiltaka for god budsjettdisiplin, skal medføre eit mindreforbruk på årsbasis.

	Vikarutgifter kun når anna er uforsvarleg.	
	Søkje tilskot til utviklingstiltak der det er muleg.	
	Redusere overtidsbruk	
	Hente ut inntektspotensialet	
	Restriktiv på innkjøp	
Status:	Gjennomført: - Det er ingen eller minimal bruk av vikar ved sjukefråvær. Reinhald tek ikkje inn vikar 1. fråværsdag - For utan seksjon Reinhald, har Stab berre nytta vikar ved fødsel- og foreldrepermisjon og langtidssjukemelding som er ført til permisjon - Det er søkt om OU-midlar i samband med Kommunekompasset - Overtidsbruken er omlag halvert jf. lønstal per 19.12.18 - Sektoren har elles stort fokus på både inntekter og utgifter, og har berre gjort innkjøp som har vore naudsame for forsvarleg drift	Gjennomført: - Driftsbudsjett er tema på stabsleiarmøte etter kvar månadsrapportering - Driftsbudsjettet vert gjennomgått for kvar avdeling før kvar tertialrapportering
Stab	Halde stillingar vakant so lenge det er fagleg forsvarleg.	
Status:	Gjennomført: - Har halde om lag 2,4 stillingar vakant	
Driftsreduksjon 10 mill		
Alle sektorar	Tiltaksplan innan 31.03.2018.	
Status:	Gjennomført	

4. Fokusområde Tenester

Overordna mål:

- Oppnå og dokumentere tilfredsstillande resultat og kvalitet innanfor dei ulike tenesteområda.
- Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.
- Levere tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.
- Digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi

Mål	Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar skal vere over landssnittet.	Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk.
Korleis lukkast?	Brukarfokus.	Opplæring i lovverk og sakshandsaming.
Korleis måle?	Brukarundersøkingar, Kommunebarometeret.	Avvik og klager. Tilsyn.
Status 2017		23 tilsyn, 60 avvik
Ambisjon 2021	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Resultatmål 2018	Betre enn landsnittet.	Mindre enn 1 avvik per tilsyn i snitt
Tiltak 2018		

Alle sektorar		Sektorvis oppfølging og rapportering av avvik i Compilo kvart tertial.
Status:		Gjennomført: - Totalt: 4 avvik - Status: Alle 4 er under handsaming - Handsamar: Alle 4 Eigedom - Alvorsgrad: 3 låg og 1 middles - Kategori: Alle 4 gjeld HMS
		Implementering av nytt personvern-reglement, med dei oppgåvene som ligg til det. Samarbeid med SSIKT.
Status:		Gjennomført: - Kommunalsjef Stab er representant i interkommunal GDPR-gruppe, som har utarbeidd ny felles Personvern-handbok for kommunane på Søre Sunnmøre - Databehandlaravtalar vert vurdert av interkommunal arbeidsgruppe - Leiarar m.fl. har gjennomført GDPR-kurs. - Utnemnd personvernombod og sikkerheitsansvarleg - Personvernombod har gjennomført personvernutdanning ved Høgskulen i Innlandet - Compilo er etablert som kvalitetstryggingsverkty for personvernarbeidet - Publisert personvernkartlegging frå sektorane på Herøy kommune si internettside
Stab	Betre digital plattform for publikum, tilpassa mobil og nettbrett.	Kontinuerleg oppdatering av nettside som gir betre søk og informasjon. T.d. ved: - Samle alt planverk på ei side - Samle resultat av brukarundersøkingar på ei side
Status:	Gjennomført: - Det er lansert ny internettside, med fleire underportalar	Gjennomført
	Digitalisering og kvalitetssikring av reinhaldsplan for kommunale bygg. Dette betyr: - digitalisering av planteikningar - revisjon av romnummerering - kvalitetssikring av reinhaldsnivå og standard.	Kassasjon og arkivering hos IKA (fjernarkiv).
Status:	Gjennomført	Pågår, og vil halde fram i 2019
	Intern brukarundersøking for Stabs-tenestene.	Arbeide med å auke del EHF-faktura frå 62% i 2017 til 75% i 2018.
Status:	Gjennomført: - Resultat Stab: 4,7 - Resultat landet: 4,7	Pågår, oppnådd 73%. Vil halde fram i 2019
	Etablere forslagskasse for innbyggarane til politikarane.	Oppretting av avvikskanal for innbyggarar.
Status:	Gjennomført	Gjennomført
		Etablering av rutinar og handsaming av kommunal borgarleg vigsel.
Status:		Gjennomført

5. Fokusområde organisasjon

Kommunen gjennomførde Kommunekompasset i 2016 og fekk ein skår på 329 av 800 moglege. Dette er middels bra og midt på listene over dei 45 kommunane som har gjennomført ein eller fleire kommunekompassevalueringar sidan 2010:

Utfordringane for kommuneorganisasjonen dei komande åra:

- Nedbemanning som følgje av nødvendig økonomisk omstilling.
- Kompetanseutvikling.
- Gode leiarar på alle nivå for å lukkast i forhold til økonomistyring, omstilling, tilsette, tenestene og brukarane.
- Ta i bruk ny teknologi, til dømes digitalisering og velferdsteknologi.

Mål	Kommunen skal vere ein effektiv, kompetent, utviklingsorientert, lærande og politisk målstyrt kommune-organisasjon.	Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeids-gjevarpolitikken sine mål.	Auka nærvær i samsvar med målsetjinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92,5 %	Avgrense tidleg avgang: Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.
Korleis lukkast?	Oppfølging Kommune-kompasset.	Oppfølging arbeids-gjevarpolitikken.	Førebyggje og følgje opp sjukemelde.	Oppfølging seniorpolitikken.
Korleis måle?	Ny gjennomgang Kommune-kompasset.	Medarbeidar-undersøking.	Sjukefråver-statistikk.	Statistikk.
Status 2016	329 poeng	Ikkje undersøkt.	7,19 %	67,7 % i arbeid ved 65 år, 45,5 % i arbeid ved 67 år.
Ambisjon 2021	450 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Resultatmål 2018	400 poeng	Betre enn lands-gjennomsnittet.	7,5 %	90 % i arbeid ved 65 år, 50 % i arbeid ved 67 år.
Tiltak 2018				
Alle sektorar	Gjennomføre Kommune-kompasset	Medarbeidardag	Implementering av nytt HMS-regime i heile organisasjonen, med dei oppgåver som ligg til det.	
Status:	Gjennomført	Gjennomført	Gjennomført	
Stab	Gjennomføre samarbeids-prosjekt med Vanylven/Sande kommune.	Obligatorisk HMS-opplæring av leiarar, tillitsvalde og verneombod.	Rapporter på sjukefråvær kvart tertial.	Revidere og oppfylging av medarbeidarar i tråd med seniorpolitikken og senioravtale.
Status:	Gjennomført:	Gjennomfør	Gjennomført	Pågår:

	- Sentralbordet i Herøy kommune er flytta og vert betjent frå Vanylven kommune. - Avtale om interkommunalt samarbeid (SSK) mellom Herøy, Vanylven og Ulstein, på skatteområdet. Offisiell startdato er 1.1.2019			- Revidering av seniorpolitikk- og avtale er gjennomført administrativt, men ikkje politisk handsama. Sak i 2019.
	Opplæring av leiarar i løn- og personalarbeid.	Framleis arbeid med revidering av arbeidsgjevar-politikk og personalrutinar m.m.	Gjennomføre regelmessige IA-møter.	
Status:	Pågår: - Utarbeidd kursinnhald - Plan for gjennomføring er ferdig - Gjennomføre 2019	Pågår: - Sjå statusoversyn nedanfor *	Gjennomført	
	Korrigere og vedlikehalde system (Compilo og tidBANK m.m.) i høve ny organisering.			
Status:	Pågår: - Særs ressurs-krevjande arbeid - Jobbar med tilrettelegging for oppdatering til ny versjon av Compilo			
	Konkludere på organisasjonsform (KF) og behov for delegeringar m.m. for Eigedoms-avdelinga. Politisk vedtak.			
Status:	Gjennomført			
	Kartlegging og samla oversyn over fagsystem.			
Status:	Gjennomført:			

	- I samband med nytt arkiv-system - I samband med implementering av nye person-vernreglar (databehandlar -avtalar og protokollar)			

* Statusoversyn arbeidet i partsamansett arbeidsgruppe

*Statusoversyn arbeidet i partsamansett arbeidsgruppe		
Dokument	**Status i arbeidsgruppa**	**Status godkjenning/vedtak**
Arbeidsgjevarpolitikken	Påbegynt	Sak til K-styret
Bilavtale	Ferdig	Under forhandlingar
Flyttegodtgjersle	Ferdig	Sak til ADM
Permisjonsreglement	Ferdig	Sak til ADM
Vedlegg til permisjonsreglement	Påbegynt av Personalavd.	Sak til ADM
Seniorpolitikk	Ferdig	Sak til ADM og K-styret
Senioravtale og –samtale	Påbegynt av Personalavd.	Sak for godkjenning administrativt
Administrativ retningsline ved rekruttering	Påbegynt av Personalavd.	Sak for godkjenning administrativt
Lønspolitikk	Påbegynt av Personalavd.	Sak for godkjenning administrativt
Stipendordningar	Påbegynt. K-sjef Stab konferere med leiargruppa	Sak til K-styret
Rolleforventingar i organisasjonen	Ferdig	Sak for godkjenning administrativt
Strategi for vald og trugsmål	Påbegynt	Sakt til K-styret
Rekrutteringsstrategi	Påbegynt	Sak til K-styret
Medarbeidarfest	Påbegynt	Godkjend administrativt

6. Prosjektplan – lokale IKT-investeringar

Prosjekt som går over lokalt investeringsbudsjett i Herøy kommune er påført estimert kostnad. Økonomiske rammer IKT-investeringar i Herøy 2018 er på 1 500 000, i tillegg til 500 000 som er øyremerka velferdsteknologi.

Infrastruktur	Tal	Kroner	Status
Kabling velferdsteknologi eRom Myrvåg omsorgssenter		250 000	Gjennomført
Kabling velferdsteknologi og utbygging av trådlausdekning PO/BuHab		250 000	Gjennomført, held fram i 2019
Utbygging av trådlausdekning skule		250 000	Gjennomført
Utbygging 10G nettverk mellom kommunale bygg		200 000	Gjennomført
Maskinrullering			
Herøy legesenter	25	250 000	Gjennomført
Myrvåg Legekontor	13	130 000	Gjennomført
Herøy og Sande legevakt	3	30 000	Gjennomført
Herøy kyrkjelege fellesråd	14	140 000	Gjennomført
Stokksund skule klassesett	30	200 000	Gjennomført
Tynnklientar administrasjon		100 000	Gjennomført
Lånepc/kurstralle rhu og po	25	200 000	Gjennomført
Andre prosjekt			
Meirope/sjølvbetent bibliotek		Felle/eige budsjett	Gjennomført
Nytt skuleadministrativt system		SSIKT	Gjennomført
Oppdatering Agresso, elektronisk reiserekning		SSIKT	Køyrer i pilot i ei kommune og SSIKT
Totalt	**110**	**2000 000**	

7. Prosjektplan - Eigedomsinvesteringar

Eigedomsavdelinga skal i 2018 gjennomføre ei rekke investeringar i kommunale bygg.

Generelle postar	Aktivitet	Status
Asbestsanering	1. Kartlegging av asbest.	Gjennomført
	2. Sanering av asbest	Pågår
	3. Naudsynte fylgjetiltak	Pågår
Asfaltering	Asfaltering av uteområde.	Pågår
Brannsikring	Prioritering mellom meldte avvik	Pågår
	Gjennomføring av tiltak	Pågår
Desentralisert ventilasjon	Etablering av desentralisert vent.	Pågår
EPC	Ferdigstilling av analysefase.	Avslutta
Leikeplassar	Oppgradering av uteområde.	Pågår

Stab	Aktivitet	Status
Herøy rådhus	1. Ombygging av hovudinngang	Utført
	2. Bygging av rullestolrampe	Utført
	3. Sanering av trappeheis	Pågår
	4. Nye ytterdører og skalsikring.	Utført
	5. Nye branndører og soneinndeling	Utført
Nedre Dragsund 2	Tilrettelegging for vidare utleige.	Pågår
Oppvekst	**Aktivitet**	**Status**
Bergsøy skule Borga	1. Klargjering for asbestsanering	Ikkje påbegynt
	2. Asbestsanering	Ikkje påbegynt
	3. Etablering av desentralisert ventilasjon	Pågår
	4. Rehabilitere fasade sør-aust	Ikkje påbegynt
	5. Ombygging av varmesystem	Ikkje påbegynt
Bergsøy skule Blåhaugen	1. Utarbeiding av skisseprosjekt	Pågår
	2. Utarbeiding av kostnadskalkyle	Pågår
Einedalen skule	Fleirbrukshall	Pågår
Leikanger skule og grendahus	1. Asfaltering	Utført
	2. Økonomisk avslutning	Pågår
Moltu skule	Solskjerming	Ikkje påbegynt.
Stokksund skule	Nye vindu - byggetrinn 1	Ikkje påbegynt
Helse og omsorg	**Aktivitet**	**Status**
Herøy omsorgssenter – blå	Bygging av uteplass ved Dagsenteret. Finansiert med private midlar	Utført
Herøy omsorgssenter – gul	Miljøkartlegging	Utført
	Miljøsanering og riving	Utført
Herøy omsorgssenter - raud/grøn	Prosjektering av fullsprinkling	Utført
Myrvåg omsorgssenter	Planlegging av ombygging	Ikkje påbegynt
Sjukeheimsvegen 14	1. Nytt yttertak	Ikkje påbegynt
	2. Nye ytterdører	Ikkje påbegynt
	3. Nytt verendarekkverk	Ikkje påbegynt
Storenesvegen 30-36	1. Nytt yttertak	Ikkje påbegynt

	2. Ny fasadekledning	Ikkje påbegynt
Samfunnsutvikling	**Aktivitet**	**Status**
Herøy kulturhus og idrettshall	1. Nye ytterdører og skalsikring.	Utført
	2. Nye branndører og soneinndeling	Utført
	3. Fasaderehabilitering	Påbegynt
	4. Rehabilitering av publikumstoalett	Ikkje påbegynt
	5. Andre naudsynte tiltak	Ikkje påbegynt
Herøy gard	Prosjektering av brannsikring	Pågår
Herøy brannstasjon	Kjøp av tomt	Går ut
	Klargjering av tomt	Ikkje påbegynt.
	Nybygg	Pågår

8. Sjukefråværsrapport 3. tertial 2018

Tabell 1 viser sjukefråvær for 1., 2. og 3. tertial 2018:

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 1., 2. og 3. tertial 2018 L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	**1. tert**	**K**	**L**	**2. tert**	**K**	**L**	**3. tert**	**K**	**L**
Personal og org. inkl. HTV, HVC	2,89	2,27	0,62	3,85	1,89	1,96	3,46	1,73	1,73
Økonomi (>10)	11,96	2,43	9,53	6,33	3,35	2,98	6,25	1,35	4,91
Fellessekr. (<5)	16,37	0	16,37	13,3	2,91	10,4	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Servicetorget (<10)	10,4	1,63	8,77	1,2	1,2	0	1,35	1,35	1,35
Utviklingsavd. (<10)	2,07	2,07	0	0,39	0,39	0	0,69	0,69	0
Barnehageavd. (<40)	14,67	2,92	11,75	9,12	2,85	6,27	13,1	1,99	11,13
Grunnskuleavd. (<250)	9,79	2,6	7,19	4,26	0,74	3,52	5,17	1,55	3,62
Anl. og drift (<15)	15,89	1,93	13,97	7,65	0,34	7,31	2,83	0,59	2,24
Brannvern (<30)	13,89	0,59	13,29	10,6	0,21	10,4	1,13	0,51	0,61
Helse (<40)	5,59	2,75	2,84	5,22	0,11	5,11	3,52	0,71	2,81
Pleie og omsorg (<300)	11,08	3,19	7,89	7,46	1,61	5,86	8,36	1,82	6,54
Bu og hab. (<75)	12,84	2,98	9,05	11	2,7	8,27	13,4	1,75	11,62
Barnevern (<10)	13,47	1,35	12,12	1,51	1,51	0	1,9	1,9	0
Kultur (>10)	19,25	0,83	18,42	13,8	0,25	13,5	7,88	0,83	7,05
Eigedom (<40)	12,77	3,56	9,21	9,84	2,34	7,5	11,8	3,55	8,28
NAV kommune (10)	19,59	0,65	18,94	14,7	4,88	9,82	24,5	2,56	21,89
Totalt fråvær	10,94	2,66	8,28	6,95	1,51	5,43	7,85	1,69	6,16


Tabell 2 viser sjukefråvær 3. tertial 2016, 2017 og 2018:

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune 3. tertial 2016, 2017 og 2018									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	3. terti	K	L	3. tert	K	L	3. tert	K	L
Personal og org. inkl. HTV, HVC	2,26	2,15	0,11	4,12	2,91	1,21	3,46	1,73	1,73
Økonomi (>10)	2,13	2,13	0	4,1	4,1	0	6,25	1,35	4,91
Fellessekr. (<5)	10,99	1,22	9,77	0,47	0,47	0	0	0	0
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	1,16	1,16	0	0	0	0	-	-	-
Servicetorget (<10)	4,85	4,85	0	20,3	5,02	15,2	1,35	1,35	1,35
Utviklingsavd. (<10)	10,84	2,73	8,12	9	0,81	8,19	0,69	0,69	0
Barnehageavd. (<40)	4,24	2,49	1,75	8,07	2,91	5,16	13,1	1,99	11,13
Grunnskuleavd. (<250)	3,77	1,57	2,2	7,19	1,19	6	5,17	1,55	3,62
Anl. og drift (<15)	0,86	0,86	0	5,26	0,85	4,4	2,83	0,59	2,24
Brannvern (<30)	0,66	0,2	0,46	14,8	0	14,8	1,13	0,51	0,61
Helse (<40)	5,54	1,27	4,27	1,6	0,33	1,27	3,52	0,71	2,81
Pleie og omsorg (<300)	10,42	2,59	7,83	9,98	2,34	7,64	8,36	1,82	6,54
Bu og hab. (<75)	13,19	2,28	10,91	13,7	2,67	11	13,4	1,75	11,62
Barnevern (<10)	11,01	2,13	8,88	14,5	0,23	14,3	1,9	1,9	0
Kultur (>10)	3,96	2,01	1,95	8,95	1,75	7,2	7,88	0,83	7,05
Eigedom (<40)	9,08	2,61	6,47	7,53	3,93	3,6	11,8	3,55	8,28
NAV kommune (10)	20,19	2,5	17,7	24,7	2,78	21,9	24,5	2,56	21,89
Totalt fråvær	7,39	2,11	5,28	9,32	1,91	7,41	7,85	1,69	6,16

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 7,85% for 3. tertial 2018. Dette ser vi både av tabell 1 og 2. Med eit sjukefråvær på 7,85% ligg Herøy kommune 0,35% over det som er målet for nærvær på arbeidsplassen, nemleg 92,5% nærvær. Det er likevel langt betre enn i 2017, då sjukefråværet for 3. tertial var på 9,32%. Spikardiagram 1, syner at fråværet i 3. tertial 2016 var 7,39%. Altså noko lågare enn for 2018. Samanlikna med 2. tertial er sjukefråværet 0,9% høgare i 3. tertial. Sjå tabell 1 over.

Med omsyn til at 2. tertial er det tertialet med lågast sjukefråvær, er såleis ikkje sjukefråværet for 3. tertial 2018 alarmerande. Sjå også spikardiagram under for å sjå skilnadane mellom perioden 2014 til og med 2018.

Diagram 1 tertialvise fråvær 2014-2018:



Dersom vi ser på utviklingstrekka frå 1. til 3. tertial 2018, ser vi at fleire avdelingar hadde ein nedgang frå 1. til 2. tertial, og deretter ein auke når vi kjem til 3. tertial. Dette gjeld mellom anna barnehage, pleie- og omsorgsavdelinga og det som her vert definert under Nav. Når det gjeld Nav kjem det her til utrykk som ei samling av fleire avdelingar, og omfattar bustadsosiale tenester, flyktningtenester, Nav og Kvikk som sorterer under Barn, familie og helse.

Det er fleire positive utviklingstrekk i tabellen. Dette ser mellom anna av utviklinga i barnevern, som har hatt ein betydelig nedgang frå 1. til 3. tertial med 11,57. Avdelinga har heller ikkje utslag på langtidsfråvær. Den same tendensen kan vi også sjå i brannvern og anlegg og drift. Begge avdelingane har ein nedgang i sjukefråvær på om lag 12%.

Herøy kommune har også avdelingar som har 100% nærvær i 3. tertial. Dette gjeld mellom anna dokumentsenteret (fellessekr.) og det er og grunn til å trekke fram utvikling som berre har 0,69% fråvær. Om vi ser på utviklinga i tala frå 2016 til 2018 varierer sjukefråværet frå avdeling til avdeling i perioden. Hovudtrekka er likevel mykje dei same. Det vi likevel ser at pleie og omsorg over tid har hatt nedgang i sjukefråværet, frå å ligge på 10-11% ligg dei no på 8-9%. Med omsyn til at dette er ei stor avdeling, vil det kunne gje eit positivt utslag både administrativt, driftsmessig og økonomisk.

Sjukefråværet er langt på veg som forventa, ut i frå dei erfaringane som vi sit med. Det er likevel god grunn til å jobbe vidare med å førebygge og redusere sjukefråvære i Herøy kommune, og vi arbeider både på formalplan og det å tenke kreativt med tanke på å betre utsiktene til at våre medarbeidarar skal kunne vere i arbeid.

Kommunalsjef Stab
Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Tertialrapport 3 Oppvekst 2018

1. Viktige hendingar

- Vurdering av anbod og start på planleggingsprosess for hallen ved Einedalen skule
- Svært mange flotte konsertar og framsyningar i regi av kulturskulen, barnehagar og grunnskular. Talentfulle og kreative barn, unge og tilsette. Ein stor skatt er igjen avdekka.
- Innføring av elektronisk administrasjonssystem (Tieto) har starta i barnehagane.
- Viktig kompetanseutvikling i barnehagane, m.a. fagsamling i realfag
- Oppstart innføring av nasjonal skulereform, Fagfornyinga. Samling med alle skuleleiarar i Sjustjerna.
- Samarbeid med det fylkeskommunale mobbeombodet vart etablert.

2. Vedtaksrapport

Ingen særskilde vedtakssaker i kommunestyret i 3.tertial.

3. Fokus Økonomi

Mål	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av sum driftsinntekter innan 2020.	Disposisjonsfondet skal vere på minimum 5 % av skatt/ramme innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap
Status 2017	1,47	39.642.000
Ambisjon 2021	1,75 %	30.000.000
Resultatmål 2018	1,00 %	30.000.000
Tiltak 2018		
